

## TINGVOLL GJENNOM TIDENE

### - Tingvoll prestgjeld


Av Helge Husby

#### FRÅ SKIPREIDE TIL TINGLAG

I Hendt og hender i Tingvoll 2009 presenterte eg utviklinga frå Nordmørafylke og Frostatinget via Tingvoll skipreide til Gagnat tinglag, og seinare Tingvoll tinglag.

I denne artikkelen tek eg for meg den kyrkjelege inndelinga av Tingvoll prestgjeld.

Vi tek utgangspunkt i det gamle tinglaget. Tinglagersgrensene følgde stort sett grensene til Tingvoll prestgjelds hovudsokn. Dette vil seie dei gardane som sokna til *Tingvoll hovedkyrkje*.



Det var gardane som sokna til eit tinglag eller prestgjeld, som utgjorde tinglagsområdet eller prestgjeldet. Og grensene kunne vere utydelege. Mange stader var det ingen som åtte det vi i dag kallar grunnen. Ein gard åtte skogen, medan naboen kunne vere tillagt hamninga, eller beiteretten. I tillegg kunne seterområde eller utmarksslåttar vere felles, elvarettar eller naustområde var disponert i fellesskap. Setrer kunne ligge i eit anna sokn enn sjølve garden, Boksaspa på Aspøya er eit eksempel på det. Her ligg beiteområda og seterrettane på Svanavollen, øvst i Hoemsdalen. Og i dag ligg dette også i to ulike kommunar. Derfor burde eg ikkje tegne kart, men skrive på kva gardar (gardsnummer) som sokna til tinget. Men eg tegnar likevel kart med dei grensene desse gardane har i dag for å kunne sammenlikne oppdelinga.

Når eg talar om gardar i denne artikkelen, er dette garden med alle underbruka, altså gardsnummeret inkl. alle bruksnummera. Når eg t.d. skriv om garden Rotås, er begge gardane, småbruka, dei tidlegare husmannsplassane og bustadeigedommane med.

**NIDAROS ERKEBISPESETE 1153-1537**


- Bjørgvin bispedømme
- Oslo bispedømme
- Hamar bispedømme
- Stavanger bispedømme
- Kirkjubøur bispedømme, Færøyane
- Kirkjuvåg bispedømme, Orknøyane
- Sodor og Man bispedømme, Man
- Skálholt bispedømme, Sør-Island
- Holar bispedømme, Nord-Island
- Garðar bispedømme, Grønland

**Endring etter reformasjonen**

Etter reformasjonen i 1537, vart makta flytta til København. Nidaros som erkebispesete vart oppløyst, men fortsette som eige bispedømme.

Herjedalen med Idre og Serna sokna til Nidaros, seinare til Hamar-bispen. Jamtaland sokna til Uppsala fram til 1570, men vart ein del av Nidaros fram til danskane gav bort lenet til svenskekongen.

Tingvoll og Nordmøre sokna til biskopen i Nidaros heilt til 1982.





Tingvoll kyrkje

## TINGVOLL PRESTGJELD I 1589

I 1587-89 hadde kyrkja «vareopptelling» i samband med ei fornying av kyrkja, den såkalla Reformatsen i Nidaros bispedømme. Dette arbeidet er til stor hjelp for å finne ut kva gardar som sokna til prestgjeld og sokn. Når vi seier “*tingvollgjelding*”, er dette egentleg ein person frå Tingvoll prestgjeld. Men ikkje alle vedkjenner seg denne tittelen, utanom dei frå sjølve Tingvollvågen?

Tingvoll prestgjeld strekte seg i 1589 frå garden Litj-Mjøllkill mellom Jordalsgrenda og Øksendalen over Tiltereidet, der Toven var siste garden i Tingvoll. Vidare strekte prestgjeldet seg til og med Heggem og Fostervoll, frå Fursetfjellet langs elva ned til Batnfjordsøra og nordover etter fjorden. Bergsøya høyrde med til Tingvoll, likeeins halve

### TITUS BÜLCHES MANNTALL 1663-1666

Den danske Titus Bülche var kommissarius over kyrkjene i Norge. Han gav ordre til prester og fogder i åra 1663-1666 om å registrer manntal over gardar i kvart prestgjeld. Desse manntalla er i Riksarkivet. Sammen med manntala er det òg ein del svar på ein del spørsmål, dei såkalla Titus Bülches postulata. Dette gjeld spørsmål om inntekt på garden. Titus Bülches registreringar ligg i det danske riksarkivet. **På neste side er gardane i Tingvoll prestgjeld opplista.**

**Sørlandet**

Sielsvig  
 Haltvig  
 Gangnat  
 Flemmen  
 Vatten  
 Warvig  
 Hoemb  
 Røsdall  
 Kind  
 Svanevold  
 Lambvigen  
 Qualvoug

**Øre**

Rannem  
 Sletnæs  
 Oersett  
 Torrwig  
 Holte  
 Dallen  
 Rotli  
 Øye  
 Heggum  
 Hannesett  
 Asplien

Dueaas  
 Fostervold  
 Sandnæs  
 Diurli  
 Neder Dyrlij/Mænsett  
 Dønnum  
 Bache  
 Mechelbostad  
 Øre  
 Sønming  
 Skee

Tørreset  
 Løwold  
 Naastad  
 Inder gaard  
 Sildsett  
 Birchesett  
 Stochaas  
 Fursett

**TINGVOLL PRESTGJELD FØR 1795**

